

KVAMHERAD	
Arkivsaknr.:	14/1118
Dato	-3 OKT. 2014
Dok.nr.:	1
Saknr.:	3701
Arkiv:	A 35/5 og 114




**Vedlegg B1:**

**Søknad om dispensasjon frå arealføremål/løysing i gjeldande reguleringsplan**

**Bakgrunn:**

Einbustaden på Gnr 35 Bnr 114 har i dag ein svært lang og dårleg tilkomsveg over eigedomen 35/5(Figur1). Tiltaket omfattar ny avkjørsle frå fylkesvegen, samt oppføring av ny natursteinsmur for utviding av tilkomstveg til Bnr 114. Ein søker difor om dipensasjon frå løysing som vist i gjeldande reg.plan.

Sidan gjeldande reguleringsplan for området vart vedteken på slutten av 80-talet (Reguleringsplan «Krossen – Børvenes» PlanID 19880004) har det vore meininga at tilkomst til eigedomen skal løysast gjennom utbygging av ny veg til området (Figur 2). Eigedomen ligg også nært fylkesvegen som også er regulert i same reguleringsplanen. Når ein no har valgt å leggja fylkesvegen i tunnel gjennom Børveneset ser ikkje tiltakshavarane at det nokon gong kjem til å verta utbygd slik reguleringsplanen viser.



Figur 1





Figur 2 Gjeldande Reguleringsplan

Gardsbruket 35/5 nyttar teigen på sjøsida av vegen i drifta og vil gjennom ei ny avkjørsle som vist på situasjonskartet (Vedlegg D1) lette drifta samt minske trafikken gjennom tunstrukturen i Børvevegen(Figur 3)




Figur 3




Ved å gje bruka 5 og 114 dispensasjon frå arealplanen og moglegheit til avkjøring som vist på situasjonkartet vil ein sikra tilkomsten på ein god måte. Føremålet i reguleringsplanen slik dei vart planlagde då fylkesvegen fortsatt var tenkt rundt Børveneset vil ikkje verta tilsidesatt då dei ikkje kjem til å verta gjennomførte slik planen tilseier uansett. Føremona ved ein dispensasjon vil derfor vera kun positive.

Tilleggsinfo: Gjeldande kommuneplan i området(Figur 4)



Figur 4 Gjeldande kommuneplan





Geir Børve			
Hardangerfordveien 450			
5610 Øystese			
Date	Revus Digital	Geograf	Skisse
17.08.2014	DAS	J.A.N	1:500
Kjosås Maskin AS www.kjosasmaskin.no			
Ny Avkjørsle		Etternavn nr:	Etatsnr nr:
		001	
Handtekening	Stempel	Avkjørsle	